




Nr 2 - 2023  
Møta nye venner - Søkja Gud - Få del i oppdraget

# møte:plassen

## God sommar!



Utflytta  
Undheimsbu  
side 4 - 5

Bjørg på  
Slettene  
side 6 - 7

Konfirmantar  
og konfirmasjon  
side 11

Val av  
sokneråd  
side 14 - 15

# Mi største glede

Det er ikkje lenge sidan eg fekk ei ny bok av ho som betyr mest for meg. Eg måtte lese litt med ein gong. Teksten greip meg frå første side. Det var det eg hadde håpa på. Den djupe gleda fekk forfattar Geir Gundersen dele med meg. Eg kjende kor godt det var – som ei helsing akkurat til meg denne dagen.

I boka skriv han «Det kan skje uhøyrd ting når vi byrjar å dele våre største gleder».

Det er så lett å bremse på dei djupe og store gledene, pakke dei inn, eller ikkje våge å trekke dei fram, eller rett og slett å gøyme dei vekk. Å dele gleder med dei nærmaste rundt oss og andre, vil gje oss glede, og vil oppleve eit styrka fellesskap. Dette skaper også tryggleik, og ikkje minst kjenne seg verdfull.

Dei siste månadane har eg møtt mange som har mista trua på framtida. Store omveltingar som tok frå dei framtidshåpet. Eg tenkjer på alle dei som vart ramma av jordskjelv i Tyrkia. Familiar er rivne vekk, barn som drøymde om ei framtid. No er alt vekke.

Eg skal innrømme at eg kjende på ei uro når vi skulle ut igjen til Sjømannskyrkja i Alanya – til landet som vart så hardt råka av jordskjelv. Kva kom vi til å møte? Nesten kvar dag kom nordmenn og andre til Sjømannskyrkja. Dei møtte oss

med tårer i augene, og ville hjelpe dei som hadde mista alt. Det var gripande å møte landsmenn som ville bidra. Men ikkje berre klede og anna utstyr, dei støtta også raust med pengestøtte.

Naudpakkar med mat vart kjøpt inn og mange stod side om side for å lesse opp i bilar som skulle frakte naudhjelpa vidare til dei som måtte ta til takke med eit telt som bustad i staden for ei bustadblokk dei trudde skulle vere trygg for jordskjelvet.

Eg minnest godt ein eldre tyrkisk mann som steig inn døra til Sjømannskyrkja. Han hadde køyrt i 60-70 mil for å skaffe hjelp til dei rundt han. Mest av alt trong dei mat, men og klede, ja nesten alt. Han fekk ein eske med næringsrik og haldbar mat. Han løfta eska på skuldra, takka og smilte medan tårene rann. Det gjorde også vi som stod att medan vi tørka tårene.

Eg er verkeleg stolt og takksam for den norske bistanden, og ikkje minst alle frå vår bygd som har gitt sine bidrag. Framleis er det store behov. Det er så lite som skal til for å hjelpe eit medmenneske i naud. For dei betyr det så uendeleg mykje.

Steinar Sandvik

UTGJEVAR:  
Undheim sokneråd

REDAKTØR:  
Steinar Sandvik  
tlf. 400 07 909  
LAYOUT:  
Hanne Brit Sandmark

REDAKSJONEN:  
Steinar Sandvik  
Laila Undheim  
Hanne Nordbrønd  
Siv H. Undheim  
Hanne Brit Sandmark

ADRESSE:  
Møteplassen  
Time kyrkjecontor  
Pb 373, 4349 Bryne

E-POST:  
nyheitsblad@gmail.com

INTERNETT:  
[www.timekyrkja.no](http://www.timekyrkja.no)  
[www.undheimkyrkja.no](http://www.undheimkyrkja.no)

TRYKK:  
Jærprint, Bryne  
OPPLAG: 600 EKS.

UNDHEIM SOKNERÅD  
KONTONR. 3290.57.20723  
GIVARKONTO: 3325.21.55657

Framsidefoto: IStock photo



# Min song

*Med Jesus vil eg fara  
på livsens ferd i lag.  
Gud, lat den samferd vara  
alt til min døyand dag!  
Det er mi høgste æra,  
det er mi største ros  
hans fylgjesvein å vera  
og vandra i hans ljos.*

*Min Jesus, sannings stjerna,  
lys opp min mørke veg!  
Mitt hjarta vil så gjerna  
få fylgja etter deg.  
Du lyser enn i verdi  
som før fra Betlehem.  
Ver du mitt ljos på fjerdi,  
til heim med deg eg kjem!*

*Du til di grein meg sette  
alt i min fyrste vår,  
med livsens dogg meg vætte,  
gav sol og signa år.  
Du vil òg vokster gjeva  
alt til min siste slutt:  
Lat meg i deg få leva,  
i deg få anda ut!*



Med Jesus vil eg fara  
Frå salmeboka nr. 419 , under truskap og etterfølging

Salmen er skriven av Elias Blix i 1875. Den hører med til barnelærdomen og også i skule-kvarden for den som har levd ei tid.

Mannen bak salmen, Elias Blix, var fødd i Gildeskål i Nordland i 1836 og tok lærereksamen i Tromsø i 1855. Etter å ha praktisert som lærar i nokre år, flytta Blix til Kristiania (Oslo) kor han vart cand. theol. i 1866. Seinare professor i teologi. Statsråd var han frå 1884 til 1888. Det var i hans statsrådstid at «jamnstillingsvedtaket» vart vedteke som norsk lov. Nynorsk og bokmål vart likestilt som opplæringsmål i skulen.

Far til Blix var fiskar og døydde tidleg. Alt som 17 åring var Blix på Lofotfiske. Blix hadde lært å rekna døden som ein naturleg del av livet, også for unge menneske. Det kjem tydeleg fram i første verset.

Med Jesus vil eg fara  
på livsens ferd i lag.  
Gud, lat den samferd vara  
alt til min døyand dag!

Så er eg glad i vers 5 som viser til dåpen. Dåpen er startpunktet, som alt skal «springa ut frå», akkurat slik morgondogga hjelper blomane til å veksa. Det finst ikkje nokon vakrare måte å omtale dåpen på:

*Du til di grein meg sette  
alt i min fyrste vår,  
med livsens dogg meg vætte..*

Salmen sameinar glede over livet med evige mål.

Roald Byberg



# Gardsjenta som vart sokneprest

**Turid Mellemstrand Rabenorolahy vaks opp med traktor, forhaustar, kyr og sauер på garden Mellemstrand. I dag bur ho i byen og er sokneprest i Madlamark kirke i Stavanger.**

Tekst og foto: Steinar Sandvik

– Eg har ein sterk identitet som jærbu og ikkje minst som Undheimsbu, smiler Turid. Ho trekkjer beina opp i sofaen i kyrkjekontoret, kjenner at her hører ho til. Ho trivst som prest.

– Skal eg heim, er det framleis Mellemstrand og dette landskapet som er eg så glad i. Eg er stolt av å vere eit bygdemenneske og er glad i heimbygda mi. Men no bur eg i byen. Av og til kjenner eg meg som ein bonde i byen, smiler Turid og fortel kor stolt ho er av erfaringar og verdiar ho har fått med seg frå Mellemstrand. Og ikkje minst det jærskje målet.

## BRUKER JÆRMÅLET

Sjølv om Turid bur i byen, har ho aldri teke inn over

seg bymålet.

– Eg snakkar ikkje «pent», smiler, soknepresten. – Ofte bruker eg dei jærskje orda i det liturgiske språket. Det set siddisane pris på.

Det bar ikkje beine vegen frå Mellemstrand til Stavanger. Vegen har både vore lang og kronglete. Etter tre år med vidaregåande i Sogn tenkte ho å bli psykolog. Men det var ikkje det Turid hamna på. Ho hamna på Misjonsskulen i Stavanger.

– I 2005 vart eg vigsla til misjonær i Undheim kyrkje. Og etter det fire år som misjonær på Madagaskar. Det vart med dei fire åra. For meg var det godt å kome heim, men eg lærte mykje.

## RETT PLASS

Første stilling tilbake i Norge var som kateket i Hundvåg.

– I 2017 vart eg ordinert til prest. Presten i magen fekk kome ut. No hadde bondejenta gått stega frå misjonær til kateket og sokneprest – åndeleg leiar for ein kyrkjelyd. Eg har vore prest i Madlamark kirke sidan 2019, fortel Turid og kjenner på ein stor fridom å vere prest, men også eit stort ansvar. Her trivst eg godt.

## DRAUMEN OM BYGGEFELT

– Eg hadde ein god og trygg oppvekst. Det var ikkje alltid at mor kunne køyre meg ned til Undheim. Då måtte eg sykle, men det var sjeldan eg sykla heim. Då kom mor og henta meg. Eg kjende med trygg på Undheim og hadde ein god oppvekst.


– Mitt største ønske var å bu på eit byggjefelt. Eg var ei sosial jente som lengta til å ha fleire rundt meg. Turid var nummer fire i ein søskensflokk på seks – to jenter og fire gutter. Og det var ingen forskjell på gutane og jentene. Her lærte Turid å köyre traktor og fôrhauste. Det var sjølvsagt, og far var stolte av oss.

– Far behandla oss jentene som gutane. Traktorkøyring og fôrhausting likte eg godt, og så snart eg fekk traktorlappen kunne eg köyre til Undheim seint og tidleg. Det var også fast arbeid i fjøset, det likte eg ikkje. Turid fortel at mor og far var støttespelarane våre, mor med sin hjartevarme og omsorg og far i det praktiske. Mor var limet i heimen med sin hjartevarme, og far med engasjement og tru på det vi kunne gjøre.

– Men det var mor som var dagleg leiar i heimen. Ho var utdanna sjukepleiar og hadde ofte vakter på sjukeheimen, seier Turid og legg til at foreldra var eit godt team. Far var både nøysom og sparsam, men også gavmild og raus.

## KAPELLET

Turid var engasjert i mykje av det som skjedde i bygda, særleg var det arbeidet rundt kapellet. Ungdomsforeininga var viktig, også ungdomskoret. Og



Turid likte arbeidet på garden, særleg fôrhaustinga.



*Turid Mellemstrand Rabenorolahy trivst godt i arbeidet som sokneprest i Madlamark kirke i Stavanger.*

her tok Turid leiaransvar.

– Kvifor leiar?

– Det var naturleg for meg, og eg fekk støtte frå heimen.

– Eg opplevde at det var stor fridom på kapellet, og ungdommane vart tekne med. Eg pleier å seie at eg vaks opp med ein fot i kyrkja og ein fot i bedehuset, berre at det var same bygget.

– Eg har også eit minne frå ei julegrantenning. Torstein Tunheim kom til meg og spurde om eg ville leste eit juledikt. Det opplevde eg som ei stor oppgåve.

#### **MOR FØRST**

– I dag er eg sokneprest. Eg skal vere leiar for heile kyrkjelyden. Det er mange rundt meg, men det åndelege ansvaret er mitt – ikkje sjef over nokon, men presten sitt arbeid famnar alt, seier Turid og legg til at først og fremst er eg mor til fire barn. – Eg er mor til fire gutter i alderen 11, 13, 16 og 18.

Turid kjenner seg på rett plass. Av og til treng ho å søkje heim til Mellemstrand der dei djupe røtene er trygt festa.

– Eg er stolt av å vere eit bygdemenneske, slår Turid fast.

# Bjørg Maria Undheim – sprek 90-åring

**– Eg et skikkeleg smør og drikk H-mjølk kvar dag.  
Så har eg godt humør, det trur eg er viktig, smiler  
Bjørg Maria Undheim.**

Tekst og foto: Siv H. Undheim

## JUBILANT

Ho fylte 90 år 1. mars. Det feira ho med ope hus i små til dottera Eli. – Eli meiner det var rundt 110 personar som var innom i løpet av dagen og kvelden, tenk på det. Familie, venner og kjente. Det var ein veldig gild dag, seier jubilanten.

Bjørg bur i det gamle, fine huset på Slettene. Eldste delen er frå rundt 1776. Her steller ho heim og hage og er stadig i aktivitet.

– Eg klarer meg godt aleine, seier ho. – Eg likar i grunnen best å vere ute og putle i hagen. Eg klyppar plenen sjølv, men av og til får eg hjelp av barnebarnet mitt. Så lukar eg litt i beda, men eg har ikkje fått gjort så mykje i år som eg skulle ønske, sidan det har vore så kaldt, fortel Bjørg.

Ho har lite plager ( – Litt må ein rekne med når ein er 90, seier ho), og kjenner seg i god form. Ho går turar eit

par dagar i veka, litt etter været. Og kvar fredag er ho på seniordans på Bryne Mølle. – Det er veldig gildt. Det er så kjekt å danse, og så er det så mange gilde folk der. Fleire er eldre enn meg. Me dansar i ring. Eg gler meg til kvar fredag, smiler 90-åringen.

## SUNDAGSSKULEN OG YNGRES

Ho vaks opp på Ravndal i Gjesdal kommune, som nummer fem i ei rekkje på sju sysken. Dei budde på gard, med mellom anna jerseykyr. Det var trygt og godt.

– Det var jo ikkje så mange ting som skjedde før, men me hadde sundagsskulen, og me gjekk rundt fem kilometer kvar veg. Det var så gildt, eg hugsar godt sundagsskulelæraren me hadde. Han var så grei, lo og tulla litt med oss. Frå me var tolv kunne me gå på Yngres, det var også veldig gildt. Og før jul gledde me oss i vekevis, for då var det jo juletrefest på bedehuset. Då kom det folk frå andre stader òg, fortel Bjørg.

– Eg hugsar eit år eg hadde fått ein fin, burgunderraud fløyelskjole. Så hadde eg på meg svarte lakksko og kvite sokkar. Me skulle kle oss fint. Det er den første juletrefesten eg hugsar, eg må ha vore rundt tre år.



Bjørg Maria Undheim trivst i den fine stova.



*Bjørg Maria Undheim bur i det det gamle huset på Slettene, og her trivst ho godt.  
Den eldste delen an huset er frå 1770-talet.*

## ARBEID OG FAMILIE

Ho blei kjent med Ola R. Undheim då ho var 15 – 16 år. Dei treffest på saueskiljing i Bjellandsheia i nærleiken av Ravndal. Seinare trefte ho han att på dans på Ålgård. Ikkje lenge etter blei dei to eit par. Dei gifta seg og flytte til heimegarden hans i 1952.

Far til Ola dreiv då framleis garden, så det unge paret flytte etter ei tid til Sør-Audnedal i Agder og forpakta ein gard der. Bjørg fortel at dei hadde vore der i tre år og Ola hadde akkurat fått arbeid som lærar på ein jordbrukskule, då faren ringte og sa at dei måtte kome heim og overta garden.

– Han hadde blitt sjuk, med hjarteproblem. Så me reiste heim til Undheim igjen, og bygde på huset i den eine enden slik at far til Ola fekk eigen del, seier ho. Dei to jentene, Marit og Eli, var då fire og to år gamle. Dette var i 1957. – Då var det tolv kyr på garden, og me mjølka for hand. Seks kyr kvar, morgen og kveld. Der gjekk i grunnen veldig godt, seier Bjørg. – Me hadde jo kyr på Sørlandet òg, men ikkje så mange. Me bestemte tidleg at me ville bygge ny løe, og den stod klar i 1959. I deler av det gamle fjóset var det så lågt under taket at me ikkje kunne stå oppreist. Så det var fantastisk å få nyt, moderne fjós med mjølkemaskinar, fortel Bjørg. Dei hadde opp mot 30 kyr på det meste, sjølv sagt av

rasen jersey. I tillegg hadde dei både griser og sauер. Det var mykje som skulle gjerast både tidleg og seint, og både Bjørg og Ola arbeidde på garden. Dei fekk også ei jente til, Caroline.

– Me hadde nesten for mykje arbeid, det var jo ganske tungvint, og mykje måtte gjerast med handemakt, seier Bjørg. Dei dyrka mykje, og i løpet av tida dei dreiv garden dobla dei det dyrka arealet. – Me har henta enormt mykje stein. Men alt i alt treivst me med arbeidet. Me hadde det godt. Eg har i grunnen alltid trivst godt her på Undheim, seier Bjørg.

## JERSEYLAGET

Ola var leiar av Jerseylaget i over 30 år. Dei to fekk oppleva mykje med Jerseylaget, reiste på mange turar og var mellom anna på fleire Jerseykongressar med folk frå heile verda. – Eine gongen i England var dronning Elizabeth der og opna kongressen, fortel Bjørg. Fleire gonger når det var Jerseykongress i Danmark, kom deltakarane til Noreg og besøkte mellom anna Bjørg og Ola.

– Ein gong kom det 55 personar, folk frå heile verda, og eg serverte kaffi, lefse og gome. Dei besøkte Martha og Kåre Sigurd Undheim også. Andre år fekk me besøk

frå den danske jerseyforeninga. Ein gong stod det 30 danskar og song her inne i det gamle huset. Først den norske nasjonalsongen, så den danske. Det var så flott, dei var veldig flinke å syngje, minnest Bjørg.

#### ENGASJERT DAME

Ho har alltid vore engasjert, både på Undheim og elles. Ho har mellom anna vore mykje med i Bygdekvinnelaget i Time, også som leiar nokre år. I tillegg hadde ho ansvar for å pynte kyrkja med blomar før gudstenestene i åtte-ti år, og ho har levert mat til møta til Laust og fast.

– Det er godt å ha ei kyrkje i ei bygd, det samlar innbyggjarane til dei store hendingane i livet, som dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferd, meiner Bjørg.

#### RØYNT LIVET

Ho har på sine 90 år opplevd at livet byr på både glede og sorger. Dottera Marit døydde 54 år gamal, i 2007. Så mista ho mannen sin i februar i 2017.

– Ja, eg har røynt livet. Men eg sit igjen med gode minne, eg hugsar i grunnen det som var gilt, og ikkje det som var vondt og vanskeleg. Ola hadde vore sjuk ei stund, så eg var på ein måte litt forberedt, men klart det var uvant og einsamt i starten. Likevel går livet vidare, og eg er glad eg har godt humør og at eg har ei tru. Det er ei enkel tru. Eg trur på Gud og på at det er hjelp å få, det er ei trøyst og hjelp i livet.

Ho syntest det er godt å ha døtrene Eli og Caroline, og barnebarna Ingeborg og Trygve, buande så nære. – Eg treff barnebarna så og seie kvar dag, sånn litt rundt husa i alle fall. Det er veldig gilt når dei kjem på besøk.

Bjørg smiler.

– Jo, eg trivst godt, og håpar eg får bu lenge på Undheim.

## STORSAMLING PÅ JÆRDAGEN

På Jærdagssøndagen 4. juni var det som vanleg gudsteneste på Bryne torg i ein varm og solfull dag. Kyrkjelydane på Bryne stod saman i ei gudsteneste som samla mange på torget.

Talen for dagen stod pastor Livia Hodne frå Bryne Frikyrkja for. Ho peika på kor viktig det er å oppgløde kvarande. Det musikalske ansvaret stod Misjonskyrkja for. Også Brynekyrkja og Frelsesarmeens saman med Bedehuskyrkja stod bak fellesarrangementet.

Jæren gospelkor var også bidragsytar.

Men det var også bidrag frå kyrkjelydar utanfor Bryne. Både Lye og Undheim hadde sine oppdrag. Mellom anna serverte Tordis Sandvik og Oddvar Undheim frå Undheim kyrkjekaffi.

*Tordis Sandvik og Oddvar Undheim både serverte og fekk smake på kyrjeekaffien. (privat foto)*

*Jæren gospelkor deltok også på Jærdags-gudstenesta. (privat foto)*



# GRØN DAG PÅ UNDHEIM

Tekst og foto: Steinar Sandvik

**Laurdag 6. mai var det liv og røre både ute og inne i Undheim kyrkje. Grøn dag gav eit verdifullt bidrag til misjonsarbeidet i Det Norske Misjonsskap.**

Rita Gudmestad Undheim var ein av dei som sikra seg eit rikt utval av nytteplantar og blomar til hagen.

– Eg har vore med på tidlegare Grøn dag på Undheim, fortel Rita som har hendene fulle av grøne vekstar. – Her har eg funne ulike plantar som skal heim til drivhuset, medan andre vert planta på friland.

I fanget har ho tomatplantar, spinat, sitronmelisse, ikkje minst engletrompet og ei rekkje andre grøne vekstar

Rita fortel at ho trivst godt både i drivhuset og i hagen.



## STORHANDEL

Men det er også andre som har forsynt seg godt frå det rikhaldige utvalet. Nokre av dei var Jens Olav Hetland og ektefelle Ellin Hetland som handla rikeleg av ulike vekstar både til nytte og til pynt. Familien trivst godt i det grøne og set stor pris på tiltaket med Grøn dag.

– Vi har vore her på tidlegare Grøn dag, seier Jens Olav og legg til at han set stor pris på at inntekta går til misjonsarbeidet.

## GOD PLASS PÅ UNDHEIM

Foreininga Shalom har vore primus motor i arbeidet med Grøn dag. Under koronatida kom ideen om ein Grøn dag der ein kunne gjennomføre arrangementet utan restriksjonar.



Nederst til venstre: Jens Olav og Elin Hetland (t.h.) fyller handleposane. Frå venstre Oddny Underhaug, Jan Edvard Hansen og Rune Rasmussen.

Øverst til høgre: Rita Gudmestad Undheim har fanget fullt av grønsakplantar og blomar. Til venstre Rolf Heskstad.

– Grøn dag i den grøna bygda syntest vi var fint tiltak. Dei som er tilslutta NMS (Misjonsskapet) i Time er takksame for arrangementet. Dei ser på dette som ei erstatning for julemessan som alltid var på Undheim, seier Oddny Underhaug.

– Tidlegare var det julemesse på Undheim, men eldsjelene som i mange år har stått på, har avslutta arbeidet med julemessan. Då kom misjonsforeininga Shalom med ein ide om eit sommarsal. Og slik vart det.

Oddny fortel at årets Grøn dag på Undheim er den tredje i rekka. – Her er det god plass for vi hadde behov for eit stort uteområde der vi kan setje fram det som er til sal av grøne vekstar.



Anne Grete Hognestad, Reidun Jane Heskstad og Oddny Underhaug har stått på saman med dei andre i Shalaom. Oddny fortel at dei sår frø i januar, vatnar og passar på heile våren. Baderomsgolv vert brukt for å få frøa til å spire. Etter kvart som sola varmar i vindaugskarmane får plantane utvikle seg.

#### SUPPE OG LODDSAL

Det aller meste av grønsaker er stilt ut på den store plassen utafor kjellarinngangen, og ein del blomar har fått plass innandørs. Men det er ikkje berre blomar og grønsaker. I kjellaren vart det servert suppe og brød og ikkje minst gjekk loddsalet svært så godt. Mellom anna vart det utloddha 10 fruktkorger og ikkje minst vakre samanplantingar. Ein av hovudgevinstane kunne Hermund Lende ta med seg heim.

Oddny Underhaug opplyser at Grøn dag på Undheim dette året gav ei inntekt til misjonsarbeidet på 65.630 kroner.



Øverst til venstre: Jan Sandsmark frå Klepp stasjon kjøper nysteikte lappar av Marit Lende (frå venstre) og Gudveig Time.

Nederst til venstre: Turid Heigre (frå venstre) og Gro Tengesdal skryt av suppa. Til høgre Gudrun Friestad.



Øverst til høgre: Hermund Lende  
I midten til høgre: Brit Signe Fuglestad serverer suppe til Oddmund Hognestad. Bak: Oddveig og Sverre Lima.  
Nederst til høgre: Trekking av loddsalet. Anne Grete Hognestad står for utdelinga av dei flotte gevinstane.



## Konfirmantar i Undheim kyrkje 14. mai 2023.

Frå venstre: Kateket Ingfrid Time Nærland, Alvar Tjelta Tunheim, Bjørnar Risa Taksdal, Even Tjåland Liverud, Erik Mæle-Kommedal, Christina Undheim, Thea Haugen, Thomas Seland Montemesola, Vetle Selbak, Ådne Undheim Vestly og sokneprest May Brit Merland Arnø. (Foto: Jonas Hodne Haugen)

## KONFIRMAN\*

2024

### Velkommen til konfirmasjon i kyrkjene våre

I konfirmasjonstida er det rom for å utforske mange viktige sider av livet saman med andre. Som konfirmant får du lære meir om deg sjølv, om tru, om Gud og den verda du er ein del av. Vi håper du vil vere konfirmant hjå oss!

Konfirmasjonsdatoar: Bryne kyrkje: 27.04, 28.04, 11.05, Time kyrkje: 09.05, Undheim kyrkje: 05.05

Påmelding: Gå inn på [www.timekyrkjene.no](http://www.timekyrkjene.no) og fyll ut skjema under fana Konfirmant 2024

 DEN NORSKE KIRKE  
Bryne, Time og Undheim kyrkjelydar



## UTLEIGE til konfirmasjonsfest 2024

Det vert konfirmasjon i Undheim 5. mai i 2024. Foreldre med konfirmant frå Undheim kan søkje om å leige kyrkjekjellaren til konfirmasjonsfest.

Ta kontakt med Torvald Tjåland,  
tlf. 913 59 619, eller  
e-post: [einarmalenius@gmail.com](mailto:einarmalenius@gmail.com)  
Fristen for å søkje er **1. august**. I løpet av ei veke etter fristen, vert det føreteke loddtraining om kven som får leige.

# Trusopplæring

## TWEENS KICK-OFF

Tweens kick-off 31. august i Bryne kyrkje

Me vil invitera alle tweens til å koma på eit skikkeleg kick-off i Bryne kyrkje. Arrangementet er felles for alle frå Bryne, Time og Undheim. Alder er frå 3. klasse og oppover. Me får besøk av Sigbjørn Pedersen, òg kalla Zigmania. Han jobbar i sundagsskulen og elskar alt som

eksploderer og flyr opp i lufta. Så dette kan bli ein skikkeleg spennande kveld, med sprell og moro. TT-koret skal synge for oss, og så skal me få presentert det tweens kan bli med på i kyrkjene vår. Til slutt blir det pizzafest! Kjenner du andre tweens som du vil ta med deg denne kvelden, er det berre å melde seg på å bli med. Arrangementet er gratis, men me ønsker at alle melder seg på slik at me får kjøpt inn nok pizza til alle

Meld deg på via link eller med QR-kode:

[https://app.checkin.no/  
event/57320/tweens-kick-off](https://app.checkin.no/event/57320/tweens-kick-off)



## KOR KICK-OFF

Kor kick-off 4. september, med besøk av Jarle Waldemar, i Bryne kyrkje.

Me har kjekke barnekor i kyrkjelydane våre, og vil starta semesteret med eit felles arrangement. Me får besøk av Jarle Waldemar denne kvelden. Kora som blir med er Jungelkoret i Brynekyrkja og Lye barnegospel på Lye forsamlingshus. Me har plass til fleire songarar og håpar mange har lyst til å prøve ut kora våre. Invitasjonar vert

sende ut til 5-åringane i Undheim, Time og Bryne etter sommarferien. Andre aldersgrupper er også velkomne! Arrangementet er gratis, men me ønsker at alle melder seg på slik at me får kjøpt inn nok pizza til alle

Meld deg på via link eller med QR-kode:

[https://app.checkin.no/  
event/57295/kor-kick-off](https://app.checkin.no/event/57295/kor-kick-off)



## Krøllekveld


Me arrangerer «Krøllekveld» for treåringane i kyrkjene våre. Då er me samla ein liten time i kyrkja, der me har ei kjekk samling med song og forteljing. Me høyrer om sauens som forsvann og om den gode hyrde som leitar etter sauens sin, og borna får sjølv lov til å vere hyrdar som er på leit etter sauene. Alle får med seg heim ei bok som heiter «Kvar er Krølle?». Me oppmodar særleg fadrar til å vere med på denne samlinga. Velkommen til ei koseleg stund i kyrkja!

Dato: 28. september  
Invitasjonar vert sende ut.

Påmelding i link eller via QR-kode:  
<https://app.checkin.no/event/57397/krollekvel>



Følg oss på



Instagram - [trusopplaringa](#)

<https://www.facebook.com/trusopplaringbrynetimeundheim>

## Babysong 0-1 år

Alle tre kyrkjelydane våre har tilbod om babysong for barn 0-1 år. Velkommen til ei hyggjeleg stund for deg og barnet ditt. Her er det song, rørsle og sosialt samvær.

Me held fram med babysong oppe i kyrkja annakvar onsdag kl. 10-12.

Etter songsamlinga serverer me ein enkel lunsj.

Me startat opp igjen etter sommarf-erien **13. september**

Påmelding via link eller QR-kode:

<https://app.checkin.no/event/51551/babysong>



## Småbarnstrall 1-3 år

Småbarnstrall 1-3 år  
Me har starta opp  
med eit nytt song- og  
musikk-tilbod for 1-3  
åringar. Då møtest  
me store og små i  
Time-kyrkja, der me  
syng og leikar saman.  
Småbarnstrall liknar på  
babysong, men med  
songar og opplegg som  
er tilpassa eit barn i 1-3  
års alderen. Det blir  
song, leik og moro. Me  
inviterer alle 1-3 åringar  
frå Undheim, Time  
og Bryne til å koma til  
Time kyrkje i lag med  
oss.

Kl. 17.00-17.30

Påmelding i link eller  
via QR\_kode:

<https://app.checkin.no/event/57400/smabarnstrall>

Dataar:

14. september  
4. oktober  
9. november





# Kirke - valget 2023

## Kyrkjevalet

Det er kyrkjeval i år. Bruk din stemmerett! Alle medlemmar i Den norske kyrkja som fyller 15 år i år eller er eldre kan stemma ved valet. Vallokalet er på **Undheim skule, og det er ope frå 12.00 til 21.00 på valdagen 11. september 2023.**

Ved kyrkjevalet kan du stemma på to val. Det eine er val av sokneråd og det andre er val til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet.

I soknerådsvalet stemmer du på kven du ønsker at skal vera i soknerådet i Undheim sokn. Du stemmer på enkeltpersonar ved valet. Du kan gje inntil tre personar ei ekstra stemme. Dei som har fått flest stemmer blir med i rådet. Soknerådet på Undheim har 6 medlemmer.

I val til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet blir dei som skal sitta i bispedømmerådet i vårt bispedømme, som er eitt av elleve bispedømme i landet vårt. Dei som sit i bispedømmerådet er òg medlemmar av Kyrkjemøtet. Bispedømmerådet har mellom anna i oppgåve å tilsetta prestar i samarbeid med biskopen. Kyrkjemøtet er det øvste representative organet i Den norske kyrkja. I dette valet stemmer du på ei liste.

Det er fire lister i år i Stavanger bispedømme: Bønnelista, Frimodig kirke, Åpen folkekirke og Nominasjonskomiteen si liste. Du kan gje personstemmer til dei som er kandidatar.

Du kan lesa meir om valet på  
[www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no)

## Førehandsstemming

Dei som vil stemma på førehand kan gjera det digitalt på [kyrkjevalet.no](http://kyrkjevalet.no) i perioden frå **10.08. til 06.09.** Alternativt kan du møta opp på kyrkjekontoret i Erlandsbakken 6, 4340 Bryne (inngang frå Saronsbrotet) følgande tider:

**Måndag til fredag kl. 09.00 til 14.00  
Torsdag 31.8. kl. 17.00 til 20.00**

Det er òg mogleg å stemma rett etter gudstenesta på Undheim **03.09.23. (ca 11.30 til 12.30).**

# Kandidatar

## Undheim sokneråd 2024 - 2027



**Oddvar Undheim**  
Bonde  
Litla-Undheim

Alle skal kjenna seg velkomne i kyrkja.  
Tilrettelegge for aktivitetar til alle aldersgrupper.



**Hanne Brit Sandmark**  
Gravferdkonsulent  
Undheim

At kyrkja skal vera aktuell og til stades for alle, store og små, på Undheim gjennom alle fasane i livet.



**Ivar Risa**  
Bonde  
Garborg

Barn og unge.  
Kyrkjelydsbygging.  
Samarbeid på tvers av organisasjonar.



**Synnøve Charlotte Meling Gauksås**  
Lærar, Undheim

Barn og ungdom skal fortsatt oppleva at Undheim kyrkje er ei kyrkje der dei hører til og der dei kan ha gode og viktige opplevelingar.



**Arnfrid Bjelland**  
Lærar  
Eikeland

Eg ønskjer at kyrkja skal formidla Jesu omsorg for folk i alle aldrar og i alle livssituasjonar i bygda.



**Per Arne Undheim**  
Elektrikar  
Tunheim

Eg brenner for ei trygg og inkluderande bygd. Kanskje kan ein aktivitet i kyrkja sin regi hjelpa til med dette.



**Kari Haavardsholm**  
Sekretær/hjelpepleiar  
Undheim

Ei aktiv kyrkje, for alle, i ulike aldrar og livsfasar. Barne- og ungdomsarbeidet. For dei over 60.



**Tordis Sandvik**  
Pensjonist  
Undheim

Eg ynskjer at kyrkja skal vere ein god og inkluderande plass for alle: Barn, ungdom, vaksne og eldre. Ein stad for fellesskap og tru.



*Jon Egeland*

## Døypt i Undheimkyrkja 9. april

*Du til di grein meg sette alt i min fyrste vår,  
med livsens dogg meg vætte, gav sol og signa år.  
Du vil òg vokster gjeva alt til min siste slutt:  
Lat meg i deg få leva, i deg få anda ut!*

Med Jesus vil eg fara  
Elias Blix 1875. Salmeboka nr. 419, vers 5

## Nytt frå sokneråd og dagleg leiar

### Prest på Undheim

Til hausten er planen at May Brit Merland Arnø kjem tilbake som sokneprest i Undheim sokn. Ho har vore sjukemeld over lengre tid, men sidan mai har ho vore tilbake i 50% stilling. Me er veldig takksame for at Roald Byberg har vore trufast med som vikar i denne perioden.

### Weekend til hausten

Alle er velkomne på weekend 22. til 24. september. Sjå eigen artikkel om dette her i Møteplassen, eller gå inn på heimesida vår [www.undheimkyrkja.no](http://www.undheimkyrkja.no)

### Supermix

Me er dessverre usikre på korleis det blir med Supermix til hausten. Supermix har meir enn nok barn som vil vera med, men det er ikkje dirigent på plass for hausten. Supermix er både eit kor og ein aktivitetsklubb for barn frå 4 år og oppover med samlingar annankvar tysdag. Soknerådet vil uansett kva som skjer rette ein stor og varm takk til alle dykk som har vore med og drive Supermix.

## VELKOMEN TIL GUDSTENESTE 10.30

**25. juni** Gudsteneste. Dåp.

**30. juli** Gudsteneste. Nattverd og dåp.

**20. august** Gudsteneste. Nattverd. Søndagsskule

**3. september** Gudsteneste. Dåp. Søndagsskule

**17. september** Gudsteneste. Nattverd. Søndagsskule

**1. oktober** Gudsteneste for store og små. Hausttakkefest

**15. oktober** Gudsteneste. Nattverd. Søndagsskule

### KONTAKTINFO:

Prest: Roald Byberg	400 38 028
Leiar sokneråd: Hanne Brit Sandmark	996 26 157
Leiar kyrkjestyret: Torvald Tjåland	913 59 619
Musikalsk leiar: Kari Kaald Reiten	908 10 346
Dagleg leiar: Frode Skårland	489 97 102
Ungdomsarbeidar: Mona Handeland	401 00 946
Leige av kyrkjekjellaren: Torvald Tjåland	913 59 619
Trusopplæringa: Ragnhild Hanssen	51 77 03 77
Konfirmantleiar: Ingfrid Time Nærland	401 67 222
Diakon: Praxedes Slettebø	980 28 690



Blå Kors har flere tilbud for barnefamilier som strever. Med din støtte kan vi hjelpe flere!

Gi trygge ferieopplevelser til familier som har det vanskelig.

Gi din gave på vipps 13130






# BARNAS

## Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva gøymer seg her?



## Vitsar

Så var det dei to forelska blekksprutane som gjekk arm i arm i arm i arm i arm ...


Kva gåver blir vi sjeldan glade for?  
Oppgåver.

Har du hørt om han som sov så tungt at senga knakk saman?

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på [Sondagsskolen.no](http://Sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00



## Finn fem feil!

Her er Jesus på besøk hos Sakkeus. Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre? Teikning: Chiara Bertelli



# Week-end til Vaulali

## 22. - 24. september

Velkommen til weekend! Alle er velkomne til å vera med, uansett alder og om ein reiser åleine eller saman med andre. Soknerådet subsidierer weekenden slik at det skal vera overkommeleg å vera med!

Vaulali er ein flott stad å vera! Det er fint turterreng, volleyballbane, fotballbane, leikeplass og vatn kor ein kan bada og padla i kano. Lokala har fin standard. Mat og utvask er inkludert i prisen, og maten får me servert.

I fjar var me litt over 40 deltagarar, og me håper at me blir enda fleire i år!



Påmelding finn du lenke til på heimesida vår.  
[www.undheimkyrkja.no](http://www.undheimkyrkja.no).

Meld deg på før **18. august**. Etter det stig prisen med 100 kr per person. Siste frist for påmelding er **3. september**.

### Prisar:

Familie: maks 3000 kr.  
Barn 4 år til 7. klasse: 500 kr.  
Ungdom: 600 kr.  
Vaksne: 1300 kr.  
Barn under fire år er gratis.



### Fagert er landet

Anders Hovden - 1907

Fagert er landet du oss gav,  
Herre, vår Gud og vår Fader!  
Fagert det stig av blåe hav,  
soli ho sprett og ho glader,  
signar vårt land i nord og sud;  
såleis di åsyn lyser, Gud,  
over vårt Noreg i nåde.

Tidi ho renn som elv mot os,  
fort skifter summar med vetter.  
Fader, ver alltid Noregs los  
radt til dei seinaste ætter!  
Herre, vår Gud,  
vårt Noregs Gud,  
varda vårt land frå fjell til flud,  
lær oss å gå dine vegar!

Signa då, Gud, vårt folk og land,  
signa vårt strev og vår møde,  
signa kvar ærleg arbeidshand,  
signa vår åker med grøde!  
Gud, utan deg den vesle urt  
veiknar og visnar, bleiknar bort,  
ver du oss ljøset og livet!



Flotte flaggberarar I:

Fra venstre: Olav Reiten Mellemstrand,  
Adrian Oddane, Jan Risa Taksdal



Flotte flaggberarar II:

Fremst: Mats Wefring Undheim,  
Magnus Undheim, Ingvald Risa  
Bak: Sokneprest Roald Byberg



Foto: Hanne Brit Sandmark

Stor takk til sponsorane våre som gjer bladet mogleg!

		<p>Vil du støtta Møteplassen og kyrkja med ei annonse? Send e-post til: undheim.soknerad@timekyrkja.no</p>
		
<p><b>Johs. Egeland &amp; Sønner as</b> Transportforretning 4342 Undheim</p>	 <p>SOL INSPIRASJON <i>Dikt og oppmuntringer</i></p>	<p><b>UNDHEIM HANDELSLAG</b></p> <p></p> <p>undheim@coop.no Tlf. 51779660 Landbruks avd. 51779670</p>
	 <p>NILS REIME MASKIN GODKJEND ENTREPRENØR ALT I GRAVING OG TRANSPORT Takodal, 4342 Undheim • Tlf: 51 48 49 11 • Fax: 51 48 60 64 • Mob: 971 59 400</p>	 <p>Sjekk  Punkt BILVERKSTED Lye Bil AS Tlf. 400 06 447 post@lyebil.no</p>
	 <p>JKE Transport JAN KARSTEN EGELAND TRANSPORTAS</p>	 <p>Byggmester Ståle N. Sikveland</p>
	 <p>Høiland &amp; Tveit BetonEntreprenør</p>	 <p>SpareBank 1 SR-BANK</p>
 <p>Preben Undheim Mobil: 901 74 629 preben@pundheim.no www.pundheim.no</p>	 <p>Møllevegen 12, 4360 Varhaug tlf.: 51 79 85 79 www.ahbygg.no</p>	 <p>NOVA BEGRAVELSESBYRÅ</p>
 <p>Finn Arve Undheim Maskinentreprenør i tjeneste for jordbruket Mob.: 975 80 952 Tlf.: 51 61 90 10</p>	 <p>Elektrofag Jæren En god kontakt på Jæren Tlf. 51 79 11 70 e-post: post@elektrofag.no <b>EL-PROFFEN</b></p>	 <p>Bryne Rør AS</p>